



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

PROTOKOLL NR. : 01 13-15

FRÅ : Alpinkomiteen

STAD/DATO : Skei, 10. september 2013

TIL STADES : Lilly Schøyen, Atle Hamar, Martin Hopland, Rune Espe, Olaf Betten og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL :

MERKNADER : Ingen

SAKLISTE

Sak 01 13-15

Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 02 13-15

Konstituering av alpinkomiteen

Sak 03 13-15

Rapport fra NSF sitt Vårmøte 2013

Sak 04 13-15

Terminliste Alpint 2013-2014

Sak 05 13-15

Orientering om Fjord1 samlingane 2013-2014

Sak 06 13-15

FIS-opplegg 2013-2014

Sak 07 13-15

Handlingsplan 2013-2014

Sak 08 13-15

Rekneskapsrapport pr. 31.08.2013

Eventuelt

Sak 09 13-15

Oppdal Alpin Elite

Sak 01 13-15

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er utsendt på førehand.

Vedtak

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 02 13-15

Konstituering av alpinkomiteen

Bakgrunn

- Val av nestleiar
- Val av medlem til anleggskomiteen:
- Val av medlem til utd./ utv. komiteen:
- Val av medlem til økonomi- og sponsorutvalet:
- Sportsleg-/ samlingsansvarleg

Vedtak

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

- Nestleiar: Olaf Betten
- Medlem til anleggskomiteen: Martin Hopland
- Medlem til utd./ utv. komiteen: Lilly Schøyen
- Økonomi- og sponsoransvarleg: Atle Hamar
- Sportsleg-/ samlingsansvarleg: Rune Espe

Sak 03 13-15**Rapport frå NSF sitt Vårmøte 2013****Bakgrunn**

Leiar i komiteen orienterte frå møte på følgjande punkt:

- Info. frå NSF AK; økonomi/sponsor, nye tilsette i NSF
- Sportsleg status i NSF AK
- Økonomisk status 2012 for NSF AK
- Landslagsstrategi
- NSF AK sin breidde- og rekrutteringsstrategi
- Arrangement (live-timing, meisterskap, puljedefinisjonar bør spesifiserast av NSF AK, DNB Cup, online påmelding, arrangementmodell for HL/LF)
- Skigymnas bør arbeide mot regionale områder
- I samband med møtet gjennomførte Lilly Schøyen (SFSK AK) ein presentasjon av korleis alpinkomiteen i Sogn og Fjordane Skikrins arbeider.

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

Sak 04 13-15**Terminliste Alpint 2013-2014****Bakgrunn**

Rammene for Terminliste Alpint 2013-2014 vart lagt fram på Vårmøte 2013. Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga i juni, med svarfrist 05. september 2013.

Pr. 05. september er det komt inn følgjande innspel/merknader til Terminliste Alpint 2013-2014:

Harpefossen Skisenter/Haugen IL

- World Snow Day/Open bakke skal avviklast i Harpefossen Skisenter søndag 19. januar 2014.

Jølster IL, alpingruppa

Jølster alpin (JA) har gått gjennom terminlista, og har følgande synspunkt.

- JA ønsker å tilby å gjennomføre KM i Superkombi i helga 24-26 januar, sidan vi likevel må ha opp full sikring til KM super-g kan vi utnytte det.
- Helga som JA skal arrangere FIS renn er det også lagt inn Fjord 1 Cup. JA ser ikkje dei store effektane av eit slikt arrangement, og

*ønsker at Skikrinsen at ser etter alternativ arrangement plass.
Usikker på kva effekt det vil ha å arrangere eit slikt renn, vil
anbefale klubben å arrangere eigne klubbrenn for å få bedre
rekryttering til idretten.*

*Mvh
Jølster alpin styre v/Kari Anne Årset*

Vedtak

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

Vedtak 1) Innspel for Harpefossen Skisenter/Haugen IL

- Frydenbø Cup SSL Sogndal vert flytta til 18. januar 2014
- FIS Snow Day – Open bakke 19. januar vert lagt inn på terminlista

Vedtak 2) Innspel frå Jølster IL, alpingruppa

- KM i Super Combi skal avviklast søndag 26. januar slik Jølster IL gjer framlegg om.
- Det skal ikkje avviklast Fjord1 Cup parallelt med Jr. NM og FIS-renn i Jølster Skisenter

Vedtak 3) Innspel alpinkomiteen

- Ein skal vurdere om det skal avviklast parallel slalom i Hornindal Skisenter laurdag 12. april. Arrangementet er elles tenkt som ein lekk i Solbakken Cup (13. april 2014), og skal eventuelt avviklast i samarbeid med Møre og Romsdal Skikrets.

Vedtak 4) Innspel alpinkomiteen

- Fjord1 Cup 2014 skal avviklast slik:
 - o Laurdag 11. januar; Sogndal IL, Stryn T&IL og Jølster IL
 - o Søndag 19. januar; Førde IL, BBIL, og Hafslø IL
 - o Finalen i Fjord1 Cupen 2014 skal avviklast i Harpefossen Skisenter (Haugen IL) laurdag 29. mars.

Vedtak 5) Innspel alpinkomiteen

- Meisterskapssamlinga i mars skal avviklast 07.-09. mars i Harpefossen Skisenter.

Terminliste Alpint 2013-2014 vert endeleg handsama i samband med Haustmøte 2013.

Sak 05 11-13

Orientering om Fjord1 samlingane 2013-2014

Bakgrunn

Det er gjennomført Fjord1 samling på Juvass i juni, i tillegg til barmarksamling i Sogndal 31. august – 01. september med Even Hole som hovudtrenar.

Fjord1 samlinga som var planlagt på Juvass 05.-08. september vart avlyst grunna dårlige snøtilhøve ved Galdhøpiggen Sommarskisenter.



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Som erstatning for denne samlinga vart det gjennomført barmarksamling i Førde 07.-08. september med Even Hole som hovudtrenar.

Påmelding til dei resterande Fjord1 samlingane i alpint fordelar seg slik:

Fjord1 samling	2013-2014
Fjord1, Eid 28.-29. sept.	30
Fjord1, Hintertux 05.-12. okt.	26
Fjord1, Førde 26.-27. okt.	33
Fjord1, Hafjell 28. nov.-01. des.	49
Fjord1, Hafjell 02.-05. jan.	56
Fjord1, Jølster 07.-09. feb.	47
Fjord1, Meisterskapssamling (Harpefossen Skisenter)	30

Elles er samlingane planlagt slik:

Fjord1 samling	Innkvartering	Trenarar
Fjord1, Eid 28.-29. sept.	Tekn. arr	Even Hole
Fjord1, Hintertux 05.-12. okt.	Hotell Tirollerhof	Kjus Rennskule, 2,5 trenar
Fjord1, Førde 26.-27. okt.	Tekn. arr.	Even Hole
Fjord1, Hafjell 28. nov.-01. des.	Alpinlandsbyen	Kjus Rennskule, 4 trenarar. Fredrik Sårheim og Birte Mårstøl
Fjord1, Hafjell 02.-05. jan.	Alpinlandsbyen	Kjus Rennskule, 4 trenarar Fredrik Sårheim, Birte Mårstøl og Geir Foss
Fjord1, Jølster 07.-09. feb.	Privat	Kjus Rennskule, 2 trenarar
Fjord1, Meisterskapssml.	Tekn. arr./privat	Kjus Rennskule, 2 trenarar

Rune Espe ordnar med transport av utstyr til Fjord1 samlinga i Hintertux. Ein legg opp til felles transport av utstyr ifbm. Fjord1 samlinga på Eid 28.-29. september 2013.

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

Sak 06 13-15**FIS-opplegg 2013-2014****Bakgrunn**

Etter framlegg frå adm. må alpinkomiteen avklare kva FIS-renn det er aktuelt at skikrinsen organiserar fellesopplegg med reise, overnatting og hovudleiar.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak i saka.

«Heimebuande» FIS-løparar skal gje tilbakemelding om det er aktuelt å delta på følgjande arrangement:

- FIS Geilo; 22.-25. november 2013
- FIS Geilo; 07.-08. desember 2013
- FIS Oppdal; 10.-13. januar 2014
- Fartsveka Hafjell; 20.-26. januar 2014
- FIS Hafjell; 07.-08. februar 2014
- FIS Voss/Jølster; 11.-16. mars 2014

Andre arrangement blir vurdert undervegs.

Adm. følgjer opp saka.

Sak 07 13-15**Handlingsplan 2013-2014****Bakgrunn**

Skikrinsen sin Strategiplan for perioden 2013-2017 er utsendt på førehand, saman med mal for Handlingsplan 2013-2014.

Alpinkomiteen sin handlingsplan bygger på Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2013-2017.

Strategiplanen dannar såleis grunnlaget for alpinkomiteen sine årlege handlingsplanar.

Strategiplanen har prioriterte mål innanfor kvart strategiområde, og handlingsplanen skal ha prioriterte tiltak for å følgje opp strategiplanen sine mål og verkemiddel.

Summen av komiteen sine årlege handlingsplanar i heile strategiperioden skal gje oss størst mogleg grad av måloppnåelse.

I arbeidsprosessen med Handlingsplan 2013-2014 føreslår leiar og adm. at ein gjennomfører ei overordna drøfting m.o.t.;

- på kva område har alpinkomiteen lukkast i perioden 2012-2013?
- på kva område har alpinkomiteen ikkje lukkast i perioden 2012-2013?
- kva er alpinkomiteen sine 2-3 viktigaste hovudutfordringar i perioden 2013-2014?



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Denne drøftinga vil saman med Strategiplanen danne grunnlaget for utarbeiding av handlingsplan for perioden 2013-2014.

Vedtak

Alpinkomiteen si oppsummering:

- komiteen har lukkast med følgjande:
 - vidareføring av Fjord1 samlingar
 - betre rennavvikling
 - gjennomført TD-kurs
 - økonomi- og markedsarbeid
 - gode sportslege prestasjoner
 - god organisasjon (Vår- og Haustmøte)
 - godt miljø
 - gode samarbeidsrelasjoner mellom laga
 - fellesopplegg i samband med meisterskap
- komiteen har ikkje lukkast med følgjande:
 - i større grad legge til rette for tema-opplegg for føresette i samband med Fjord1 samlingane (t.d. «preppe-kurs»)
 - rekrutteringsarbeid
 - Fjord1 Alpincup er ikkje ein breiddecup, slik ein har målsetjing om
 - ikkje gjennomført klubbutviklingsprosessar
 - etablering av eit opplegg med krinstrenar
- komiteen si hovudutfordring i perioden 2013-2014
 - saman med laga legge til rette for lågterskel tilbod (klubb-cup)
 - planmessig rekrutteringsarbeid
 - arbeide for eit opplegg med krinstrenar

Med bakgrunn i skikrinsen sin Strategiplan 2013-2017 samt drøftingane i alpinkomiteen får leiár og adm. sjef fullmakt til å utforme alpinkomiteen sin handlingsplan for 2013-2014

Handlingsplanen blir endeleg handsama av Skikrinsstyret i samband med møte i oktober 2013.

Sak 08 11-13 Rekneskapsrapport pr. 31.08.2013

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.08.2013 er utsendt på førehand.

Adm. la fram rekneskapen.

Vedtak

Teke til orientering.



Eventuelt

Sak 09 11-13

Oppdal Alpin Elite Bakgrunn

Det blir fremma forslag om at alpinkomiteen bør vurdere eit formelt samarbeid med Oppdal Alpin Elite.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om adm. skal utgreie saka til neste møte i komiteen.

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane Skikrins, AK

Ref.

Lilly Schøyen (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef